

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga  
 Sak nr.: 19/672-1

**Tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane 2019 (TIK-midlar)****Fylkesdirektøren rår fylkestrafikktryggingsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Fylkestrafikktryggingsutvalet tildeler tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane 2019 slik:

<b>Kommune</b>	<b>Tilskot 2019 (kr)</b>
Askvoll kommune	510 000
Bremanger kommune	180 000
Eid kommune	550 200
Fjaler kommune	0
Flora kommune	215 000
Førde kommune	700 000
Gaular kommune	0
Gloppen kommune	149 850
Gulen kommune	0
Hornindal kommune	240 000
Hyllestad kommune	45 000
Høyanger kommune	360 000
Jølster kommune	0
Luster kommune	604 200
Lærdal kommune	410 000
Naustdal kommune	408 000
Selje kommune	0
Sogndal kommune	183 750
Solund kommune	54 000
Stryn kommune	246 000
Vågsøy kommune	0
Årdal kommune	144 000
<b>SUM</b>	<b>5 000 000</b>

- 2 Tiltak som får løyving av Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar 2019, skal ferdigmeldast seinast 30. november 2019.
- 3 Dersom det er kommunar som ikkje får gjennomført tiltak, kan administrasjonen omdisponere midlane til kommunar med tiltak som let seg gjere i løpet av året.
- 4 Midlar som ikkje er nytta innan fristen, eller som ikkje let seg omdisponera, jf. pkt. 3, går attende til fylkeskommunen, jf. pkt. 6 e) i «Instruks for forvaltning av tilskot til Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar».

### **Vedlegg:**

Vedlegg 1: Note 1-5, Statens vegvesen sine handbøker

Vedlegg 2: Tidlegare tildelingar

Vedlegg 3: Prosjektark

### **Andre relevante dokument i saka:**

- Søknadane frå kommunane
- Instruks for forvaltning av trafikktryggingstiltak i kommunane (TIK-midlar)
- Handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021
- Regional transportplan 2018-2027
- Fylkeskommunal gå- og sykkelstrategi
- Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124
- Trafikktryggingshandboka

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Vegtrafikklova § 40 A pålegg fylkeskommunen eit ansvar med å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggingarbeidet i fylket. Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er sentralt i dette arbeidet.

I 2019 er det løyvt 5 mill. kr. til tryggingstiltak i kommunane» (TIK-midlar). Statens vegvesen orienterte kommunane om tilskotsordninga og søknadsfristen for denne i brev datert 05.10.2018. Fristen var sett til 16. november 2018. I alt har 22 kommunar søkt om TIK-midlar i 2019. Samla søknadssum er kr 21 760 862.- fordelt på 45 tiltak. I denne saka er det forslag om å fordele heile ramma på 5 mill. kr til ulike tiltak.

Dei seinare åra er det registrert ein auke i tal tiltak det vert søkt om tilskot til, samt at tiltaka er dyrare. I 2018 vart det søkt om tilskot til tilskot til i alt 36 tiltak, til eit samla beløp på kr. 13 396 678.- I 2018 søkte 19 kommunar om tilskot.

Søknadane/tiltaka i 2019 fordeler seg slik:

- 9 søknader gjeld bygging veglysanlegg langs veg
- 7 søknader gjeld bygging fortau, stiar og gang/sykkelveg
- 6 søknader gjeld fysiske tiltak skulegjeldråde
- 4 søknader gjeld bygging vegrekkverk/sikring
- 3 søknader gjeld kollektivtiltak
- 3 søknader gjeld planlegging av tiltak langs veg
- 2 søknader gjeld lyssetjing av punkt/kryssingsstad
- 2 søknader gjeld utarbeiding/revisjon av trafikktryggingssplan
- 2 søknader gjeld intensivbelysning kjeldbinert med fartsdempande tiltak
- 2 søknader gjeld fartsdempande tiltak
- 1 søknad gjeld bygging av fortau inkludert vegbelysning
- 1 søknad gjeld kjøp av fartsmålingstavler
- 1 søknad gjeld fartsgrenseskilting
- 1 søknad gjeld fjerning av sikthinder i vegkryss
- 1 søknad gjeld bygging av snuplass ved barnehage, kjeldmual veg

Tildeling av tilskot er vurdert m.a. ut frå Handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021, Regional transportplan 2018-2027, fylkeskommunal gå- og sykkelstrategi og Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124, samt trafikktryggingshandboka.

### **2. Bakgrunn for saka**

### Grunnen for at saka er fremja

Vegtrafikklova §40 pålegg fylkeskommunen eit ansvar med å tilrå og samordne tiltak for å fremja trafikktryggingsarbeidet i fylket. Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er sentralt i dette arbeidet.

Det er løyvd 5 mill. kr til tilskotsordninga «Trafikktryggingstiltak i kommunane» (TIK-midlar) for 2019.

Etter reglement for trafikktryggingsutvalet er FTU ansvarleg for å fordele TIK-midlane til kommunane.

Statens vegvesen er sekretariat for FTU, og har teke imot søknadane og førebudd saka. Statens vegvesen orienterte kommunane i brev datert 5. oktober 2018 om høve til å søkja på TIK-midlar 2019. Søknadsfristen var 16. november 2019. 22 kommunar har søkt om midlar.

### Historikk - tidlegare vedtak

I vedlegg 2 er det gitt ei oversikt over tidlegare tildelingar av TIK-midlane.

### Sentrale problemstillingar

I alt 22 kommunar har søkt om TIK-midlar i 2019. Samla søknadssum er kr. 21 361 622.- fordelt på 45 tiltak. Ramma til TIK-midlane er på 5 mill. kr. Søknadane/tiltaka fordeler seg slik:

- 9 søknader gjeld bygging veglysanlegg langs veg
- 7 søknader gjeld bygging fortau, stiar og gang/sykkelveg
- 6 søknader gjeld fysiske tiltak skuleområde
- 4 søknader gjeld bygging vegrekkverk/sikring
- 3 søknader gjeld kollektivtiltak
- 3 søknader gjeld planlegging av tiltak langs veg
- 2 søknader gjeld lyssetjing av punkt/kryssingsstad
- 2 søknader gjeld utarbeiding/revisjon av trafikktryggingsplan
- 2 søknader gjeld intensivbelysning kombinert med fartsdempande tiltak
- 2 søknader gjeld fartsdempande tiltak
- 1 søknad gjeld bygging av fortau inkludert vegbelysning
- 1 søknad gjeld kjøp av fartsmålingstavler
- 1 søknad gjeld fartsgrenseskilting
- 1 søknad gjeld fjerning av sikthinder i vegkryss
- 1 søknad gjeld bygging av snuplass ved barnehage, kommunal veg

I vurderinga av trafikktryggingseffekten er det teke utgangspunkt i Statens vegvesen sine handbøker og Trafikksikkerheitshandboka (TØI) for dei tiltaka der dette er relevant. Dei seier noko om påreknelig trafikktryggingseffekt av ulike typar fysiske tiltak. Dette gjeld effekten av veglysanlegg, rekkverk, fartsdempande tiltak, m.m.

I innstillinga er det gjort framlegg om tildeling av heile løyvinga på 5 mill. kr. Følgjande kriterium er lagt til grunn:

- Tiltak må stetta krava for tilskot i gjeldande instruks for TIK-midlar
- Trafikktryggleikseffekten av tiltaket
- Kostnad for tiltaket
- Sum av tildelt tilskot dei siste 6 åra
- Kor gjennomførbar tiltaka er og kor sannsynleg er det at tiltaka vert utført innan oppgitt frist.

Det er ei utfordring kvart år at kommunane ikkje rekk å gjennomføre tiltaka innan fristane. Om tiltaka ikkje er starta opp kan midlane trekkast attende, og dette går på kostnad av andre tiltak som kunne vore gjennomført. For 2019 er det kome inn mange søknadar, langt fleire enn tidlegare. Derfor er det i langt større grad enn tidlegare lagt vekt på å prioritere byggeklare tiltak som kan gjennomførast i 2019. Det er eitt unntak for Bremanger, som gjeld planlegging ut frå vedteken reguleringsplan.

Fylkesdirektøren vil ikkje tilrå midlar til reguleringsplanar for 2019, då søknadsmassen er stor.

I framlegget til fordeling er folketalet i kommunen lagt noko vekt på ved elles nokså «likeverdige» tiltak. Dette fordi større kommunar har fleire skuleborn, og såleis gjerne også fleire skuleområde og fleire/lengre skulevegar som skal sikrast. TIK-ordninga er retta særskilt inn mot tryggleiken for skulebarn.

Det er òg med i vurderinga at flest moglege kommunar får ta del i ordninga. TIK-tilskota kan bidra til at kommunane opprettheld fokus på trafikktryggingsarbeidet, og elles motiverer til innsats.

Det er mogleg å søkje om tilskot på inntil 75 pst. av prosjektkostnaden. Ramma til TIK-midlane er på same nivå som tidlegare. Det er difor lagt opp til å tildele inntil 60 % tilskot av totalkostnaden for å få gjennomført fleire tiltak. Det er ikkje kome tilbakemeldingar frå kommunane om at 60 % kontra 75 % tilskot har medført at tiltak ikkje vert gjennomført.

Det er også kommunar som har søkt anna/lågare tilskotsandel.

Det er fleire søknader med veldig høg søknadssum i høve til ramma som er til disposisjon. Søknader om tilskot på fleire millionar kroner er ikkje prioritert.

#### Andre opplysningar

Instruksen for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane er lagt til grunn ved innstilling. Av instruksen går det fram at føremålet med og målgruppe for ordninga er:

*«Det er føresett at midlane i hovudsak skal nyttast til trafikktryggingstiltak på kommunale og fylkeskommunale veger i samband med skuleveg og i nærmiljøet der barn ferdast. I spesielle tilfelle kan midlane, dersom kommunen sjølv ønskjer det, òg brukast til tiltak langs riksveg. For slike tiltak vert i utgangspunktet kommunen ansvarleg for drift og vedlikehald.*

*Midlane kan også nyttast til planlegging av tiltak og utarbeiding av lokal trafikktryggingssplan eller andre prosjekt som FTU ønskjer å støtta.»*

Regional transportplan 2018 – 2027 og gå- og sykkelstrategien for Sogn og Fjordane er også lagt til grunn for vurderingane og tilråding av søknadane.

Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021 har følgjande satsingsområde og målgrupper:

Satsingsområde	Målgruppe
Sikringsutstyr	Foreldre, ungdom og eldre
Rusførebygging	Ungdom, foreldre, eldre
Trafikksikker kommune	Kommunane
Trafikkåtfærd	Barn, ungdom og vaksne bilførarar

Ei arbeidsgruppe beståande av 6 tilsette i statens vegvesen, samt lokal representant for Trygg Trafikk har vurdert søknadane, og tilrådd fordeling av tilskot.

## **4. Vurderingar av innkomne søknader**

### **4.1 Askvoll kommune**

#### **Tiltak: Bygging av einssidig busslomme Rivedal – fylkesveg 609.**

Gjeld tiltak med å forbetre og sikre skulevegen for 13 elevar (i dag).

- Kostnadsoverslag: kr. 850 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 637 500.- (75%)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 510 000.- (60%)

#### Kommentar:

Gjeld bygging av einssidig busslomme i krysset mellom kommunal veg og fylkesveg 609 i Rivedal. Kommunen samanliknar i prinsippet sitt tiltak med den einlidige busshaldeplassen som no er bygt på E39 ved Mo og Øyrane vidaregåande skule.

I 2012 utarbeidde vegvesenet tekniske teikningar/konkurransgrunnlag med tanke på bygging av einssidig busslomme på same staden, i Rivedal. Det vart den gongen også inngått avtalar om grunnkjøp, m.m. Etter det vi forstår stoppa prosjektet opp pga. manglande finansiering. (Kostnad om lag 2,5 mill.kr.)

Tiltaket Askvoll kommune no søkjer om er eit noko enklare tiltak enn vegvesenet sine planar i 2012. Kommunen si målsetjing er å få på plass ei løysing som gjev sikker av- og påstiging til buss for elevar i Rivedal. Dagens løysing har hatt fleire «nesten ulukker» ved av- og påstiging buss, i følgje kommunen.

At borna slepp krysse fylkesvegen i samband med skuleskyss meiner vi er positivt med tanke på trafikktryggleiken. Tiltaket er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen har sett ein del utfordringar med kommunen sitt tiltak med busshaldeplass i Rivedal, men meiner likevel at tiltaket kan betre tilhøva i området. For å sikre god nok «kvalitet» i utforminga m.m., har States vegvesen inngått ein gjennomføringsavtale med kommunen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

#### **4.2 Bremanger kommune:**

##### **Tiltak: Prosjektering av busslomme og gang-/sykkelveg langs fv.571 Hauge.**

Gjeld prosjektering ut frå vedteken reguleringsplan.

- Kostnadsoverslag: kr. 300 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 225 000.- (75 %)
- Framlegg til tildeling tilskot: kr. 180 000.- (60 %)

#### Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1.

Tiltaket det blir søkt om er detaljprosjektering av nemnde tiltak. I følge søkjar så vil trafikkbildet bli meir oversiktleg og tryggare når det vert bygt busslomme/gang-sykkelveg på nordsida av fv.571 Grotlevegen.

TIK-midlane kan nyttast til planlegging/prosjektering av tiltak. Om tiltaket vert bygt så vil dette vert positivt i høve trafikktryggleiken.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

#### **4.3 Eid kommune:**

##### **Tiltak: Lyssetting av fotgjengarovergangar – kommunale vegar.**

Gjeld tiltak på 5 stk. kommunale vegar

Eid kommune ønskjer å trygge alle fotgjengarovergangar som naturleg vert nytta av barn og unge på skuleveg og område med fritidsaktivitetar retta mot barn og unge utanom skuletid. Dette med god lyssetting til markering av fotgjengarfelt. Dette er relatert til 5 kommunale vegar.

- Kostnadsoverslag: kr. 917 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 688 000.- (75%)
- Framlegg til tildeling tilskot: kr. 550 200.- (60%)

#### Kommentar:

I Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124 går det fram at veg og gatebelysning primært blir etablert for å redusere ulukkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har eitt hovudmål; trafiksikkerheit.

I følge Trafiksikkerheitshandboka vil vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker personskadeulukker vert redusert, jf. vedlegg 1, NOTE 1 (Statens vegvesen sine handbøker og trafiksikkerheitshandboka).

Tiltaket er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

#### **4.4 Fjaler kommune:**

##### **Tiltak: Bygging terminalløysing buss, parkeringsareal, fortau, og areal for av/påstiging, m.m. Dingemoen nye 1-10 skule.**

Fjaler kommune har vedteke å bygge ny 1-10 skule på Dingemoen som skal erstatte gamle Dingemoen barneskule og Fjaler ungdomskule. Noverande trafikkøysing og parkering er ikkje tilrettelagt for utvidingar, og ny plan for trygg trafikkavvikling er utarbeidd.

- Kostnadsoverslag: kr. 6 573 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 4 930 000.- (75%)
- Framlegg til tilskot tiltak 1: kr. 0.-

#### Kommentar:

Å legge til rette for gode trafikkløysingar for alle brukargruppene ved skulane, er viktig trafikktryggingsarbeid. Skuleområdet er ein del av skulevegen, og tiltaket må såleis kunna seiast å vera i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1 Delmål 6.5 Barn og unge sine behov.

Tiltaket er i tråd med instruksen, men tiltaket er kostbart, og løyvinga avgrensa. Fjaler kommune har i søknaden ikkje oppgjeve deltiltak med lågare kostnader. Det vert difor vanskeleg å vurdere om tiltaka kan realiserast med langt lågare tilskot enn det som det er søkt om.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

#### **4.5 Flora kommune:**

Flora kommune har søkt om tilskot til 5 ulike tiltak.

##### **Tiltak 1: Trafikktryggingsplan for Flora kommune 2020-2027.**

Gjeld revidering av dagens trafikktryggingsplan og lage ein ny trafikktryggingsplan for Flora kommune som gjeld for 2020-2027.

- Kostnadsoverslag:	kr. 500 000.-
- Søknadssum tilskot:	kr. 375 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak:	kr. <u>50 000.-</u> (10 %)

##### Kommentar:

Kommunane kan søkje midlar til utarbeiding av ein trafikktryggingsplan. Flora kommune søker om tilskot på kr. 375 000 for å få ein konsulent til å utarbeide trafikktryggingsplanen. Utarbeiding av ein trafikktryggingsplan er eit viktig arbeid som kommunen bør utføre sjølv i eigen regi for å få eit eigarforhold til planen. Det er ikkje strenge krav til trafikktryggingsplanane, men dei må ha ei tydeleg prioriteringsliste for tiltak i planperioden. Dette er kunnskap kommunen sjølv innehar og er difor godt eigna til å utføre i eigen regi med innarbeiding og vurdering av innspel frå innbygarane. Kommunale trafikktryggingsplanar bør kunna utarbeidast til langt lågare kostnader enn 500 000.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt eit redusert tilskot til tiltaket.

##### **Tiltak 2: Sørgardfeltet i Eikefjord – Intensivbelysning og fartshump. Fylkesveg 542 – kommunal veg 1657.**

Søknaden gjeld intensivbelysning i kryssingspunkta over den kommunale og den fylkeskommunale vegen. I tillegg er det ønskeleg med fartshump i kryssingspunktet over den kommunale vegen.

Kostnadsoverslag:	kr. 115 000.-
- Søknadssum tilskot:	kr. 86 250.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak:	kr. <u>69 000.-</u> (60 %)

##### Kommentar:

I Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124 går det fram at veg og gatebelysning primært blir etablert for å redusere ulukkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har eitt hovudmål; trafiksikkerheit.

I følgje Trafikksikkerheitshandboka vil vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker personskaedulucker vert redusert, Jf. vedlegg 1, NOTE 1 (Statens vegvesen sine handbøker og trafiksikkerheitshandboka).

Det er ein klar samanheng mellom fart og tal ulukker, og ikkje minst graden av kor alvorleg ulukkene er. Å redusere fartsnivået ved gangfelt og andre kryssingsstader er difor det viktigaste tiltaket for å oppnå lågare risiko og skadegrad for gåande. I følgje Trafikksikkerheitshandboka så fører fartshumpar til reduksjon i tal ulukker med personskaede, Jf. vedlegg 1, NOTE 5. (Statens vegvesen sine handbøker og trafiksikkerheitshandboka).

Tiltaket er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

##### **Tiltak 3: 2 stk. mobile fartsmålarar og trafikksteljar med fartstavle.**

Gjeld innkjøp av 2 mobile fartsmålarar/fartsvisingstavler.

- Kostnadsoverslag:	kr. 220 000.-
- Søknadssum tilskot:	kr. 165 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak:	kr. <u>0.-</u>

Kommentar:

Elektroniske fartstavler gir bilistane ei nyttig påminning på eigen fart. I kombinasjon med andre trafikktryggingstiltak har slike fartstavler hatt gode resultat. I Norge har fartstavler vore tekne i bruk på spesielt ulykkesbelasta strekningar, blant anna på E16 mellom Voss og Bergen. Ei fartstavle gir den einkilde bilist ei ekstra påminning på fartsgrensa. Statens vegvesen meiner fartstavler er eit førebyggjande og haldningsskapande tiltak.

Tiltaket er i tråd med instruksen, men løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

**Tiltak 4: Fartsdempande tiltak Nordnesvegen - kommunal veg.**

Gjeld fartsdemping ved bruk av enten fartshumpar eller innsnevring av vegbana.

- Kostnadsoverslag: kr. 160 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 120 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 96 000.- (60 %)

Kommentar:

Det er ein klar samanheng mellom fart og tal ulukker, og ikkje minst graden av kor alvorleg ulukkene. Å redusere fartsnivået ved gangfelt og andre kryssingsstader er difor det viktigaste tiltaket for å oppnå lågare risiko og skadegrad for gåande.

I følgje Trafikksikkerheitshandboka så fører fartshumpar til reduksjon i tal ulukker med personskade, Jf. vedlegg 1, NOTE 5. (Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Tiltaket er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

**Tiltak 5: Gang og sykkelveg ved Florø Sjukehus – fylkesveg 545 - kommunal veg.**

Søknaden gjeld bygging av ein avstikker til GS-vegen gjennom sjukehusparken. Ca 100 m veglengde.

- Kostnadsoverslag: kr. 950 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 712 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 0.-

Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Regional transportplan 2018-2027 pkt. 6.1.

Tiltaket er i tråd med instruksen, men tiltaket er kostbart og løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

**4.6 Førde kommune:**

Førde kommune søkjer om tilskot til 3 tiltak.

**Tiltak 1: Opprusting av gang-/sykkelveg i Hundvebakkegjelet – kommunal veg.**

Gjeld ein del av gamlevegen til Florø.

- Kostnadsoverslag: kr. 1 000 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 500 000.- (50 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 500 000.- (50 %)

Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1. Opprusting av veggen vil venteleg gjera den meir både attraktiv og tryggare, og bidra til at fleire nyttar den.

Tiltaket er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

**Tiltak 2: Opprusting av gangsti Hatlehaugen - Tefrevegen – kommunal veg.**

Gjeld omlag 200 m lang gangsti.

- Kostnadsoverslag: kr. 600 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 300 000.- (50 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 0.-

Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1. Opprusting av vegen vil venteleg gjera den meir både attraktiv og tryggare, og bidra til at fleire nyttar den.

Tiltaket er i tråd med instruksen, men tiltaket er kostbart, og løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

**Tiltak 3: Utbetring av tilkomst til Førde barneskule frå Kyrkjevegen – kommunal veg.**

Gjeld innstramming av avkøyrsløse til parkeringsplass, bygging av fortau fram til trapp ned til barneskulen og montering av 2 stk. gateløys.

- Kostnadsoverslag: kr. 400 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 200 000.- (50 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 200 000.- (50 %)

Kommentar til fortau:

Å bygge fortau er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1. Oppstramming av avkøyrsløse vil venteleg vera positivt med tanke på trafikktryggleiken, og er i tråd med instruksen.

Kommentar til veglys:

I Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124 går det fram at veg og gatebelysning primært blir etablert for å redusere ulukkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har eitt hovudmål; trafikkikkerheit. I følgje Trafikkikkerheitshandboka vil vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker personskadeulukker vert redusert, , jf. vedlegg 1, NOTE 1 (Statens vegvesen sine handbøker og trafikkikkerheitshandboka).

Tiltaket er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

**4.7 Gaular kommune:****Tiltak: Veglys Eidevika - Yndestad, på fylkesveg 57.**

Gjeld om lag 1100 m veglysanlegg langs fv. 57.

- Kostnadsoverslag: kr. 1 700 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 700 000.- (41 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr.           0.-

Kommentar:

I Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124 går det fram at veg og gatebelysning primært blir etablert for å redusere ulukkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har eitt hovudmål; trafikkikkerheit. I følgje Trafikkikkerheitshandboka vil vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker personskadeulukker vert redusert, , jf. vedlegg 1, NOTE 1 (Statens vegvesen sine handbøker og trafikkikkerheitshandboka).

Tiltaket er i tråd med instruksen, men tiltaket er kostbart, og løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

**4.8 Gloppen kommune:**

Gloppen kommune søker om tilskot til 5 tiltak.

**Tiltak 1: Breim skule - veglys – kommunal veg.**

Gjeld bygging av 3 stk. veglys inntil/på skuleområdet.

- Kostnadsoverslag: kr. 210 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 126 000.- (60 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 126.000.- (60 %)

Kommentar:

I Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124 går det fram at veg og gatebelysning primært blir etablert for å redusere ulukkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har eitt hovudmål; trafikkikkerheit. I følgje Trafikkikkerheitshandboka vil vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker personskadeulukker vert redusert, , jf. vedlegg 1, NOTE 1 (Statens vegvesen sine handbøker og trafikkikkerheitshandboka). Tiltaket er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

**Tiltak 2: Vereide Utviklingslag – redusert fartsgrense til 40 km/t – kommunal veg.**



Gjeld etablering av redusert fartsgrense 40 km/t over ei strekning på om lag 2,7 km på kommunal veg.

- Kostnadsoverslag: kr. 30 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 18 000.- (60 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 11.850.-

Kommentar:

Det er ein klar samanheng mellom fart og tal ulukker, og ikkje minst graden av kor alvorleg ulukkene er. Å redusere fartsnivået ved gangfelt og andre kryssingsstader er difor det viktigaste tiltaket for å oppnå lågare risiko og skadegrad for gåande, jf. vedlegg 1, NOTE 1 (Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Tiltaket er i tråd med instruksen. Men skilting av fartsgrenser og kostnader med dette meiner Statens vegvesen er eit klart kommunalt ansvar der økonomi ikkje bør spele inn.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

**Tiltak 3: Gatelys ved Aske - kommunal veg.**

Gjeld etablering av 1 stk. veglys i ved haldeplass buss.

- Kostnadsoverslag: kr. 20 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 12 000.- (60 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 12.000,-

Kommentar:

I Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124 går det fram at veg og gatebelysning primært blir etablert for å redusere ulukkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har eitt hovudmål; trafikksikkerheit. I følgje Trafikksikkerheitshandboka vil vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker personskadeulukker vert redusert, jf. vedlegg 1, NOTE 1 (Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Tiltaket er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

**Tiltak 4: Gatelys Ommedal – fylkesveg 691 og kommuneveg 33.**

Gjeld etablering av 15 stk. nye veglyspunkt, inkl. oppgradering av gamle punkt, langs ei strekning fv. 691 og kommunal veg.

- Kostnadsoverslag: kr. 310 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 232 500.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr.           0.-

Kommentar:

I Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124 går det fram at veg og gatebelysning primært blir etablert for å redusere ulukkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har eitt hovudmål; trafikksikkerheit. I følgje Trafikksikkerheitshandboka vil vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker personskadeulukker vert redusert, jf. vedlegg 1, NOTE 1 (Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Tiltaket er i tråd med instruksen, men løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

**Tiltak 5: Gatelys Vereide – kommunal veg.**

Gjeld etablering av 9 stk. nye veglyspunkt.

- Kostnadsoverslag: kr. 60 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 45 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr.           0.-

Kommentar:

I Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124 går det fram at veg og gatebelysning primært blir etablert for å redusere ulukkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har eitt hovudmål; trafikksikkerheit. I følgje Trafikksikkerheitshandboka vil vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker personskadeulukker vert redusert, jf. vedlegg 1, NOTE 1 (Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Tiltaket er i tråd med instruksen, men løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

#### **4.9 Gulen kommune:**

##### **Tiltak: Avlaupssanering samt gang- og sykkelveg Nesevågen – kommunal veg.**

Gjeld bygging ny gang- og sykkelveg ca. 250 m langs kommunal veg. Tiltaket er planlagt utført samstundes med sanering av avlaup og legging av trekkerøyr for kabel (BKK), samt trekkerøyr for fiber i same trasé.

- |                                |                        |
|--------------------------------|------------------------|
| - Kostnadsoverslag:            | kr. 1 600 000.-        |
| - Søknadssum tilskot:          | kr. 1 200 000.- (75 %) |
| - Framlegg til tilskot tiltak: | kr. _____ 0.-          |

##### Kommentar:

Bygging av sykkelveg er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1.

Ut frå kartgrunnlag ser det ut til at er relativt få eigedomar som er knytt opp mot kommunevegen, og at ein eventuell gang/sykkelveg her vil ha relativt få brukarar. Tiltaket er i tråd med instruksen, men tiltaket har høg kostnad, og løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

#### **4.10 Hornindal kommune:**

##### **Tiltak 1: Fjerning av sikthindring Jutedalsvegen - kryss rv. 15 - kommunal veg.**

Gjeld tiltak med å sprengje vekk delar av hammar langs riksvegen, slik at siktkrava vert oppfylt.

- |                                |                             |
|--------------------------------|-----------------------------|
| - Kostnadsoverslag:            | kr. 400 000.-               |
| - Søknadssum tilskot:          | kr. 300 000.- (75 %)        |
| - Framlegg til tilskot tiltak: | kr. <u>240 000.-</u> (60 %) |

##### Kommentar:

At sikttilhøva i krysset er tilfredsstillande bidreg positivt til trafikktryggleiken både på riksvegen og kommunevegen. Og kommunevegen her med krysset på E39 er truleg også ein «del av skuleveg, og nærmiljø der barn ferdast», og kan såleis seiast å vera i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

##### **Tiltak 2: Oppsetjing rekkverk langs delar av Liskogvegen - kommunal veg.**

- |                                |                      |
|--------------------------------|----------------------|
| - Kostnadsoverslag:            | kr. 200 000.-        |
| - Søknadssum tilskot:          | kr. 150 000.- (75 %) |
| - Framlegg til tilskot tiltak: | kr. _____ 0.-        |

##### Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1.

I følgje Trafikksikkerheitshandboka medfører stålvegerekker til ein redusert sannsynlegheit for å bli drepen eller skada dersom ein er innblanda i ulukke, jf. vedlegg 1, NOTE 3(Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Statens vegvesen meiner tiltaket er lita spissa inn mot føremålet med TIK-midlane. Løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

#### **4.11 Hyllestad kommune:**

Hyllestad kommune søker om tilskot til 3 tiltak.

##### **Tiltak 1: Rysjedalsvika kai – Indrefjord – montering av rekkverk – fylkesveg 62.**

- |                                |                      |
|--------------------------------|----------------------|
| - Kostnadsoverslag:            | kr. 530 000.-        |
| - Søknadssum tilskot:          | kr. 400 000.- (75 %) |
| - Framlegg til tilskot tiltak: | kr. _____ 0.-        |

##### Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1.

I følgje Trafikksikkerheitshandboka medfører stålvegrekkverk til ein redusert sannsynlegheit for å bli drepen eller skada dersom ein er innblanda i ulukke, jf. vedlegg 1, NOTE 3(Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Fylkesveg 62 er i funksjonsklasse E – lokale tilkomstvegar. Vi er samd med Hyllestad kommune i at delar av fylkesveg 62 har rekkverksbehov.

Statens vegvesen meiner tiltaket er lita spissa inn mot føremålet med TIK-midlane. Løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

#### **Tiltak 2: Søknad om tilskot til utarbeiding av trafikktryggingsplan.**

Gjeld rullering/oppdatering av kommunen sin trafikktryggingsplan.

- Kostnadsoverslag: kr. 75 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 60 000.- (80 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 45 000.- (60 %)

#### Kommentar:

Etter Instruksen kan TIK-midlar nyttast til planlegging av tiltak og utarbeiding av lokale trafikktryggingsplanar, eller andre prosjekt som FTU ønskjer å støtta.

Tiltaket er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

#### **Tiltak 3: Nye veglys på Sørbøvåg – fylkesveg 65.**

Gjeld oppgradering av omlag 40 stk. gamle veglyspunkt.

- Kostnadsoverslag: kr. 400 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 300 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. \_\_\_\_\_ 0.-

#### Kommentar:

I Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124 går det fram at veg og gatebelysning primært blir etablert for å redusere ulukkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har eitt hovudmål; trafikksikkerheit. I følgje Trafikksikkerheitshandboka vil vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker og personskadeulukker vert redusert, jf. vedlegg 1, NOTE 1 (Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Tiltaket er i tråd med instruksen, men løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

#### **4.12 Høyanger kommune:**

Høyanger kommune søker om tilskot til tre tiltak.

#### **Tiltak 1: Sikringsrekkverk - kommunal veg.**

Gjeld (i all hovudsak) tiltak på rekkverk gangbru.

- Kostnadsoverslag: kr. 400 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 300 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 240 000.-

#### Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1

I følgje Trafikksikkerheitshandboka medfører stålvegrekkverk til ein redusert sannsyn for å bli drepen eller skada dersom ein er innblanda i ulukke, jf. vedlegg 1, NOTE 3(Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Tiltaket er i all hovudsak knytt til rekkverk på gangbru, som dagleg vert nytta av skuleborn. Tiltaket er såleis godt i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

#### **Tiltak 2: Gatelys Furevegen og Hålandsneset (Kyrkjebø tettstad) - kommunal veg, og Sørsidevegen (Ortnevik) – fylkesveg 92.**

Gjeld oppgradering av 19 stk. veglyspunkt ved Kyrkjebø skule. Og etablering av 4 stk. nye veglyspunkt på fylkesvegen i Ortnevik.

- Kostnadsoverslag: kr. 240 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 180 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 120 000.-

Kommentar:

I Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124 går det fram at veg og gatebelysning primært blir etablert for å redusere ulukkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har eitt hovudmål; trafiksikkerheit. I følgje Trafikksikkerheitshandboka vil vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker personskadeulukker vert redusert, jf. vedlegg 1, NOTE 1 (Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Tiltaket i søknaden er 2-delt:

- Del 1 gjeld veglys ved Kyrkjebø skule og barnehage – 18 stk. lyspunkt. Kostnad kr. 200 000.-
- Del 2 gjeld 4 stk. lyspunkt på fv. 92 i område Ortnevik kai. Kostnad kr. 40 000.-

Begge deltiltaka er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår tilskot berre på deltiltak 1: Veglys Kyrkjebø skule og barnehage. Tilskot kr. 120 000.- (kr. 200 000.- x 60 %= kr. 120 000.-)

Statens vegvesen tilrår avslag for deltiltak 2: Veglyspunkt fv. 92 i område Ortnevik kai

**Tiltak 3: Fartsdemparar Kvamsvegen (Lavik), Gulvafaret og Bekkefaret (Høyanger), samt Hellevegen (Kyrkjebø) - kommunale vegar.**

Gjeld etablering av fartsdemparar i 4 stk. kommunale vegar.

- Kostnadsoverslag: kr. 200 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 150 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 0.-

Kommentar:

Det er ein klar samanheng mellom fart og tal ulukker, og ikkje minst kor alvorlege ulukkene er. Å redusere fartsnivået ved gangfelt og andre kryssingsstader er difor det viktigaste tiltaket for å oppnå lågare risiko og skadegrad for gåande. I følgje trafikksikkerheitshandboka fører fartshumpar til om lag 50 % reduksjon i tal ulukker med personskade, jf. vedlegg 1, NOTE 5. (Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Tiltaket er i tråd med instruksen, men løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

**4.13 Jølster kommune:**

Jølster kommune søkjer om tilskot til 3 tiltak.

**Tiltak 1: Tilkomst og trafikkavvikling ved Vassenden skule (fysiske tiltak) – kommunal veg.**

Gjeld ombygging av hente- og bringeløkke, samt utviding av- og påstigningslomme.

- Kostnadsoverslag: kr. 3 000 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 2 250 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 0.-

Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging pkt. 7.1.2. Tiltaket er i tråd med instruksen, men tiltaket er kostbart, og løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

**Tiltak 2: Turveg som gang og sykkelveg mellom Slåtten og Kvammen – kommunal veg.**

- Kostnadsoverslag: kr. 800 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 600 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 0.-

Kommentar:

Tiltaket er delvis i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1.

Ut frå kartgrunnlag ser det ut til at vegen går gjennom eit område særst lite busetting. Det er grunn til å tru at tiltaket ikkje vil koma veldig mange til gode. Heller ikkje som alternativ rute langs E39.

Tiltaket er i tråd med instruksen. Men tiltaket er kostbart, og løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

### **Tiltak 3: Gatelys langs kommunal veg v/vegkryss E39 – Årdal ytre kryss.**

Gjeld etablering av 5 stk. veglyspunkt for å forbetre trafikksituasjonen, skape trygghet for skulebarn som går langs vegen.

- Kostnadsoverslag: kr. 160 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 120 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. \_\_\_\_\_ 0.-

#### Kommentar:

I Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124 går det fram at veg og gatebelysning primært blir etablert for å redusere ulukkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har eitt hovudmål; trafikksikkerheit. I følgje Trafikksikkerheitshandboka vil vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker personskadeulukker vert redusert, jf. vedlegg 1, NOTE 1 (Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Tiltaket er i tråd med instruksen, men løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

#### **4.14 Luster kommune:**

##### **Tiltak: Etablering av fortau og nytt gatelys. inkl. div. grunnarbeid langs fylkesveg 55.**

Gjeld tiltak over om lag 120 m lengde langs fylkesvegen.

- Kostnadsoverslag: kr. 1007 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 755 250.- (75%)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 604 200.- (60%)

#### Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1 Tiltaket er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

#### **4.15 Lærdal kommune:**

##### **Tiltak: Gjennomføring av delprosjekt 1 i Trafikkplan Oppvekst Lærdalsøyri - kommunale vegar.**

Gjeld Delprosjekt 1 som er gjennomføring av Kiss & Ride – sone og flytting og utviding av bussparkeringsplassen utanfor Lærdalsøyri skule.

- Kostnadsoverslag: kr. 683 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 410 000.- (60%)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 410 000.- (60%)

#### Kommentar:

Å legge til rette for gode trafikkløysingar for alle brukargruppene ved skulane, er viktig trafikktryggingarbeid. Skuleområdet er ein del av skulevegen, og tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

#### **4.16 Naustdal kommune:**

Naustdal kommune søker om tilskot til 2 tiltak.

##### **Tiltak 1: Anlegg for å sette av og å hente born ved Naustdal skule.**

Gjeld tiltak for å få stoppa trafikk for levering og henting ved skulen, slik at bilar ikkje køyrer inn på Berrvellene.

- Kostnadsoverslag: kr. 1 800 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 1 340 000.- (74 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. \_\_\_\_\_ 0.-

#### Kommentar:

Å legge til rette for gode trafikkløysingar for alle brukargruppene ved skulane, er viktig trafikktryggingarbeid. Skuleområdet er ein del av skulevegen. Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1 Delmål:

Tiltaket er i tråd med instruksen, men tiltaket er dyrt, og løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

#### **Tiltak 2: Opprusting stinett sentrum aust, og lysanlegg.**

Gjeld å skape separering mellom bilar og mjuke trafikantar på ein del strekningar i byggjefelt.

- Kostnadsoverslag: kr. 680 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 510 000.- (75%)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 408 000.- (60%)

#### Kommentar:

Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1. Tiltaket er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

#### **4.17 Selje kommune:**

Selje kommune søker om tilskot til 2 tiltak.

#### **Tiltak 1: Reguleringsarbeid for gang-sykkelvei/fortau langs fv.618.**

Gjeld om lag 1570 m gang- og sykkelveg.

- Kostnadsoverslag: kr. 672 500.-
- Søknadssum tilskot: kr. 504 375.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr.           0.-

#### Kommentar:

Tiltaket er delvis i tråd med Regional transportplan pkt. 6

Å legge godt til rette for gang- og sykkeltrafikk er gode trafikktryggingstiltak, og er i tråd med instruksen. Men bygging av gang-/sykkelveg på strekninga som er tenkt regulert, vil vera eit stort tiltak med høge kostnader. Eit eventuelt tilskot vil truleg ikkje koma trafikktryggleiken til gode på kort sikt.

Då det er lite midlar, bør ein prioritere byggeklare prosjekt for å klare å få rask effekt. Statens vegvesen tilrår ikkje midlar til regulering når tiltaket vert vurdert til å vere for omfattande i denne samanheng.

I 2019 vert det ikkje tilrådd å gje tilskot til utarbeiding av reguleringsplanar då søknadsmassen er stor og det vert lagt vakt på prosjekt som er byggeklare og som kan fullførast i løpet av 2019. Når det gjeld dette prosjektet er det knytt stor usikkerheit til gjennomføring.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

#### **Tiltak 2: Reguleringsarbeid for gang- sykkelvei/fortau langs fv.620.**

Gjeld om lag 1300 m fortau/gang- og sykkelveg.

- Kostnadsoverslag: kr. 173 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 129 750.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr.           0.-

#### Kommentar:

Å legge godt til rette for gang- og sykkeltrafikk er gode trafikktryggingstiltak, og er i tråd med instruksen. Men bygging av gang-/sykkelveg på strekninga som er tenkt regulert, vil vera eit stort tiltak med høge kostnader. Eit eventuelt tilskot vil truleg ikkje koma trafikktryggleiken til gode på kort sikt.

Då det er lite midlar, bør ein prioritere byggeklare prosjekt for å klare å få rask effekt. Statens vegvesen tilrår ikkje midlar til regulering når tiltaket vert vurdert til å vere for omfattande i denne samanheng.

I 2019 vert det ikkje tilrådd å gje tilskot til utarbeiding av reguleringsplanar då søknadsmassen er stor og det vert lagt vakt på prosjekt som er byggeklare og som kan fullførast i løpet av 2019. Når det gjeld dette prosjektet er det knytt stor usikkerheit til gjennomføring.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

**4.18 Sogndal kommune:**

Sogndal kommune søker om tilskot til 3 tiltak.

**Tiltak 1: Fartsdump/intensivbelysning Kjørnes barnehage – kommunal veg.**

Gjeld ein fartsdump med intensivbelysning.

- Kostnadsoverslag: kr. 104 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 78 000.- (75%)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 62 400.- (60%)

Kommentar:

Det er ein klar samanheng mellom fart og tal ulukker, og ikkje minst kor alvorlege ulukkene er. Å redusere fartsnivået ved gangfelt og andre kryssingsstader med fartshump er difor det viktigaste tiltaket for å oppnå lågare risiko og skadegrad for gåande. I følgje trafikksikkerheitshandboka fører fartshumpar til om lag 50 % reduksjon i tal ulukker med personskade, jf. vedlegg 1, NOTE 5. (Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

I Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124 går det fram at veg og gatebelysning primært blir etablert for å redusere ulukkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har eitt hovudmål; trafikksikkerheit. I følgje Trafikksikkerheitshandboka vil vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker personskadeulukker vert redusert, jf. vedlegg 1, NOTE 1 (Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Tiltak med fartshump og veglys er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

**Tiltak 2: Busstopp Kjørnes - kommunal veg.**

Gjeld etablering/opparbeiding av tilstrekkeleg og trafikksikkert venteareal for skuleborn som nyttar bussen. Plassmangel i dag, står på fortau og delvis i veg.

- Kostnadsoverslag: kr. 202 250.-
- Søknadssum tilskot: kr. 151 687.- (75%)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 121 350.- (60%)

Kommentar:

Busstoppen nyttast i samband med skuleskyss, og tiltaket vil gjera forholda både tryggare og meir oversiktlege både for skuleborna, og for biltrafikken som passerer forbi. Her er trongt om plassen.

Vi meiner tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1. Tiltaket er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

**Tiltak 3: Oppgradering gangveg Vesterland Shell - kommunal veg.**

Gjeld tiltak med å sprengje for grøfter, legge ned stikkrenner, heve vegen m.m.

- Kostnadsoverslag: kr. 359 400.-
- Søknadssum tilskot: kr. 269 550.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr.           0.-

Kommentar:

Tiltaket er delvis i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1. Gangvegen det er søkt om midlar til er ikkje del av skuleveg. Men vegen er ein del av gamle rv. 5 mellom Sogndal og Kaupanger, og er ein mykje brukt turveg, både til fots og på sykkel. Opprusting av vegen vil venteleg gjera den både meir attraktiv og tryggare, og truleg bidra til at fleire nyttar den. Å legge til rette for gang- og sykkeltrafikk er gode trafikksikkerheitstiltak, og er i tråd med instruksen, men løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

**4.19 Solund kommune:**

Solund kommune søker om tilskot til 2 tiltak.

**Tiltak 1: Veglys i Rørdalen – fylkesveg 31.**

Gjeld 4 stk. lyspunkt.

- Kostnadsoverslag: kr. 120 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 90 000.- (75 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr.           0.-

Kommentar:

I Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124 går det fram at veg og gatebelysning primært blir etablert for å redusere ulukkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har eitt hovudmål; trafiksikkerheit. I følgje Trafikksikkerheitshandboka vil vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker personskadeulukker vert redusert, jf. vedlegg 1, NOTE 1 (Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Tiltaket er i tråd med instruksen, men løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

#### **Tiltak 2: Venteskur for mindreårige born i Søre Hjørnevåg. Kommunal veg.**

Gjeld etablering av venteskur, noko som også vil medføre at elevane får ein fast plass kor dei kan vente på bussen.

- Kostnadsoverslag: kr. 90 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 67 500.- (75%)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 54 000.- (60%)

Kommentar:

Av søknaden går det fram at dersom ein bygger eit leskur langs vegen sør forbi brannstasjon, må bussen køyre til enden av vegen før den snur. Skuleungane vil ha ein trygg og fast plass kor dei kan vente på bussen. Det vil og vere meir oversikteleg for førarane når det vert ein fast stoppeplass.

Å legge forholda godt til rette i samband med skuleskyss, meiner vi er gode trafikktryggingstiltak, og finn tiltaket er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

#### **4.20 Stryn kommune:**

##### **Tiltak 1: Vikane skule – Trafikktryggingstiltak. Opparbeiding av rundkøyring for bussar og bilparkeringsplass – kommunal veg.**

Gjeld opparbeiding av areal etter ny plan for parkering for tilsette, og større plass for bussar, med etablering av rundkøyring.

- Kostnadsoverslag: kr. 410 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 307 500.- (75%)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 246 000.- (60%)

Kommentar:

Planen går ut på å få meir ordna trafikkforhold både for skulebussar og personbilar i skuleområdet, og det må forventast at tiltaket vil auka trafikktryggleiken. Tiltaket er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

##### **Tiltak 2: Autovern Lindset – Vikalida. Kommunal veg.**

Gjeld oppsetjing av autovern.

- Kostnadsoverslag: kr. 300 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 225 000.- (75%)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr.           0.-

Kommentar:

Det er lagt til grunn oppsetjing av 600 m rekkverk. Tiltaket er i tråd med Regional transportplan pkt. 6.1.

I følgje Trafikksikkerheitshandboka medfører stålvegerekker til ein redusert sannsynlegheit for å bli drepen eller skada dersom ein er innblanda i ulukke, jf. vedlegg 1, NOTE 3(Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Statens vegvesen meiner tiltaket er lita spissa inn mot føremålet med TIK-midlane. Løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

#### **4.21 Vågsøy kommune:**

##### **Tiltak: Snuplass boligfelt Holvik i tilknytning til Holvik barnehage – kommunal veg.**

Gjeld opparbeiding av snuplass for bebuarar, renovasjonsbil, vareleveransar, vintervedlikehold, post, barnehagebuss og anna trafikk.

- Kostnadsoverslag: kr. 839 750.-



- Søknadssum tilskot: kr. 600 000.- (71 %)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 0.-

Kommentar:

Tiltaket går ut på å få meir ordna og tryggare trafikkforhold i området ved barnehagen. I dag må all trafikk som renovasjon, post, brøyting, vareleveransar, m.m. rygge forbi innkøyrseleken til barnehagen. Det må forventast at tiltaket vil auke trafikktryggleiken.

Statens vegvesen meiner tiltaket er lita spissa inn mot føremålet med TIK-midlane. Løyvinga er avgrensa.

Statens vegvesen tilrår avslag på tilskot til tiltaket.

**4.22 Årdal kommune:****Tiltak: Intensivbelysning gangfelt/kryssingspunkt – kommunale vegar.**

Gjeld intensivbelysning på to kommunevegar i kryss med fylkesveg 303 Seimsdalsvegen.

- Kostnadsoverslag: kr. 240 000.-
- Søknadssum tilskot: kr. 240 000.- (100%)
- Framlegg til tilskot tiltak: kr. 144 000.- (60 %)

Kommentar:

Det er planlagt 4 lyspunkt.

I Statens vegvesen sine handbøker N100 og V124 går det fram at veg og gatebelysning primært blir etablert for å redusere ulukkesrisikoen i mørke. Veg og gatebelysning har eitt hovudmål; trafiksikkerheit. I følgje Trafikksikkerheitshandboka vil vegbelysning medfører at alle typar dødsulukker og personskaedulukker vert redusert, jf. vedlegg 1, NOTE 1 (Statens vegvesen sine handbøker og trafikksikkerheitshandboka).

Tiltaket er i tråd med instruksen.

Statens vegvesen tilrår at det vert gitt tilskot til tiltaket.

**5. Konklusjon**

Fylkesdirektøren viser til Statens vegvesen sine tilrådingar for dei enkelte tiltaka og tilrår følgjande tildeling av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane (TIK-midlar) 2019:

<b>Kommune</b>	<b>Søknadsbeløp</b>	<b>Tilrådd tilskot</b>
Askvoll kommune	637 500	510 000
Bremanger kommune	225 000	180 000
Eid kommune	688 000	550 200
Fjaler kommune	4 930 000	0
Flora kommune	1 458 250	215 000
Førde kommune	1 000 000	700 000
Gaular kommune	700 000	0
Gloppen kommune	433 500	149 850
Gulen kommune	1 200 000	0
Hornindal kommune	450 000	240 000
Hyllestad kommune	760 000	45 000
Høyanger kommune	630 000	360 000
Jølster kommune	2 970 000	0
Luster kommune	755 250	604 200
Lærdal kommune	410 000	410 000
Naustdal kommune	1 850 000	408 000
Selje kommune	634 125	0

<b>Kommune</b>	<b>Søknadsbeløp</b>	<b>Tilrådd tilskot</b>
Sogndal kommune	499 237	183 750
Solund kommune	157 500	54 000
Stryn kommune	532 500	246 000
Vågsøy kommune	600 000	0
Årdal kommune	240 000	144 000
<b>SUM (kr)</b>	<b>21 760 862</b>	<b>5 000 000</b>

Tilskota vert tildelt på følgjande vilkår:

- Tiltak som får løyving av Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar 2019, skal ferdigmeldast seinast 30. november 2019.
- Dersom det er kommunar som ikkje får gjennomført tiltaka kan administrasjonen omdisponere midlane til kommunar med tiltak som let seg gjere i løpet av året.
- Midlar som ikkje er nytta innan fristen, eller som ikkje let seg omdisponera, jf. pkt. 3, går attende til fylkeskommunen, jf. pkt. 6 e) i «Instruks for forvaltning av tilskot til Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar».